



Notat

Dato

LEIKANGER, 17.01.2017

Til: Hovudutvalet for næring og kultur

Frå: Fylkesdirektøren

Avtaler - destinasjonsselskapa 2016-2017

Litt om bakgrunnen

Fylkeskommunen har avtale med tre destinasjonsselskap og eitt næringsselskap for tildeling av tilskot til reiseliv. Midlane skal nyttast til å nå måla i «Reiselivsplanen for Sogn og Fjordane 2010-2025» med særleg fokus på å auke tal gjestedøgn i fylket.

I samband med fylkeskommunen sitt omstettingsprosjekt SFJ 2019 vart det vedteke reduksjonar i fleire område innan næringsutvikling. Eitt av desse områda er støtte til destinasjonsselskapa, og fylkeskommunen si årlege støtte til destinasjonsselskapa har vorte noko reduserte dei seinare åra.

I 2016 fekk destinasjonsselskapa 2,7 mill kr, som fordelte seg slik: Visit Sognefjord 1 250 000 kr, Sunnfjord Utvikling 325 000 kr, Visit FjordKysten 325 000 kr og Visit Nordfjord 800 000 kr.

I samband med budsjettarbeidet for 2017 tilsa dåverande rammer ei samla støtte på 2,2 mill kr, som danna grunnlag for følgjande førebelse fordeling i 2017: Visit Sognefjord 1 175 000 kr, Sunnfjord Utvikling 140 000 kr, Visit FjordKysten 140 000 kr og Visit Nordfjord 745 000 kr.

I samband med sluttbehandlinga av budsjett 2017 i fylkestinget i desember vart det gjeve ei tilleggsløyving på 0,2 mill kr. Desse vart fordelt med 0,1 mill kr til Visit Fjordkysten og 0,1 mill kr til Sunnfjord Utvikling.

Drøfting

Dei totale ressursane vi har til disposisjon i arbeidet med reiselivsutvikling er redusert monaleg dei siste åra. Vi har prioritert to løyingar: Støtte til destinasjonsselskapa og Fjord Norge AS. Sidan den totale løvinga går ned, må vi prioritere strengare. Vi har vurdert desse fordelingane til å vere operasjonell aktivitet innanfor eit næringsområde, og difor har dette vore gjort administrativt.

Det er innslag av turisme i alle delar av Sogn og Fjordane. Den største trafikken finst i dag i to område; Indre Sogn og i Stryn. Vi har valt å passe på at dei destinasjonsselskapa som arbeider i desse områda blir prioriterte. Det er ut frå omsynet til at det er her det vesentlege av arbeidsplassar som følge av aktiviteten finst, og at det er her potensialet for nye arbeidsplassar er størst. Dette er ikkje særleg annleis enn vi ville vurdere det med tanke på fiskeri og havbruk, maritim sektor og landbruk. At dette i denne saka råkar Visit Fjordkysten og Sunnfjord Utvikling, er altså styrt ut frå aktiviteten i næringslivet, ikkje ut frå det geografiske området dei opererer i, til dømes kysten.

Å få til ei samordning av aktiviteten mellom destinasjonsselskapa i Sogn og Fjordane ville vere prioritert frå vår side. Dette arbeidet har vist seg å vere krevjande.

Dersom hovudutvalet hadde gitt oss korrigerande meldingar her, ville vi retta oss etter det. Når fylkestinget som det øvste organet i fylkeskommunen har slått fast retningsliner for fordeling av midlar, er det sjølv sagt at vi følgjer opp. Vi trur at vi vil vere best tent med ein gjennomgang av heile saksfeltet, og vil vurdere korleis dette best kan gjerast.

Konklusjon

Det vert i løpet av 2017 arbeidd med framhald av avtalane med destinasjonsselskapa, med bakgrunn i fylkestingsvedtaket. Avtalene med destinasjonsselskapa bind midlar for fleire år. Tidlegare vart sjølve avtalene godkjende av fylkestinget. No sist var det hovudutvalet for næring og kultur som godkjende sjølve avtalene, på grunnlag av fullmakt gjeven av fylkestinget. Som ein del av gjennomgangen i løpet av året må ein også ta stilling til korleis fylkestinget vert involvert i desse avtalene.